

Notat

Til: Fylkesutvalet

Frå: Næringsavdelinga

Vedkomande innspel til jordbruksforhandlingane 2016

Hovudutval for næring og kultur handsama 2.februar ei fråsegn til jordbruksforhandlingane for 2016. Dagen etter vart fråsegna sendt til Landbruks- og matdepartementet. Denne fråsegna ligg som skriv og melding til fylkesutvalet.

Tidlegare år har fråsegna til jordbruksforhandlingane vorte handsama i hovudutvalet, og deretter i fylkesutvalet. Med ei behandling i hovudutvalet 2.februar ville påfølgjande møte i fylkesutvalet vere 2.mars, som er godt over fristen. Vi valde følgjeleg å la saka stoppe i hovudutvalet.

I delegeringsreglementet punkt 4.2 står det følgjande om høyringsfråsegner – utdrag:

Fylkesutvalet har mynde til å gi høyringsfråsegner til lovutkast, sentrale planar, m.v. Hovudutvala kan gi fråsegner til lovutkast, planar m.v. på vegner av fylkeskommunen når fråsegna har ei klar sektoravgrensing og ikkje vedkjem spørsmål av prinsipiell rekkevidde for den fylkeskommunale styringa utanfor sektoren eller kan tenkjast å ha konsekvensar for fylkeskommunen sin totaløkonomi.

Ut frå ovannemnde fann vi det forsvarleg at saka stoppa i hovudutvalet for næring og kultur. På den andre sida kan vi seie at vi skulle vore tidlegare ute med ei sak, slik at vi rakk vanleg saksgong både i hovudutvalet som er fagutval, og fylkesutvalet. Vi brukar på seinhausten å få ei påminning frå departementet om høyringsfristen. Denne uteblei denne gongen (var lagt inn i eit tilskotsbrev som vi fekk i første halvår).

Når det gjeld hovudutvalet si fråsegn syner vi til innsendt brev som ligg som skriv og melding til fylkesutvalet.